

**Fra:** Aleheim, Åse (Ase.Aleheim@sveio.kommune.no)

**Sendt:** 16.05.2017 12:37:43

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** Eva Katrine Ritland Taule; Tollefsen, Kenneth; Hetlesæter, Bjarne; Ragnhildstveit, Geir

**Emne:** Uttale til Regional kystsoneplan - dykkar ref 2014/11042

**Vedlegg:** image001.jpg;HØYRING - REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER.pdf

Dykkar referanse:

2014/11042

Vi viser til utsett høyringsfrist til 16. mai 2017

Sveio kommunestyre har vurdert Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger og kjem med følgjande uttale til planforslaget:

*Sveio kommune ber om at Hordaland Fylkeskommune lar være å vedta ein felles kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Subsidiært utsetja vedtak til ny soneinndeling og Trafikklyssystem er på plass og deretter vurderer planen på ny.*

*Sveio kommune er positiv til at det er gjort ein skilde grep for å rydda i plandokumenta og at planen no betre er tilpassa kommuneplanen. Dette inneber likevel ikkje at planen reelt sett har blitt monaleg betre, korkje i val av metode eller i måten den adresserer viktige problemstillingar på. Sveio kommune meiner at planen slik den no ligg føre ikkje har svart opp måla som vart sett i planprogrammet. Det er særskilt vanskeleg å sjå at «Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.»*

*Planen er ei kartlegging av dagens situasjon og kan såleis vera eit kunnskapsgrunnlag for framtidig planlegging av kystsona. Det er naturleg at det vert vedteke som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje som ein plan.*

Vedlagt ligg i tillegg saksutgreiinga til uttalen

Med helsing

**Åse Aleheim**

Samfunnsplanleggjar

Plan- og næringsavdelinga

Telefon: 53 74 80 66

E-post: [ase.aleheim@sveio.kommune.no](mailto:ase.aleheim@sveio.kommune.no)



Sveio kommune

Telefon sentralbord: 53 74 80 00

[www.sveio.kommune.no](http://www.sveio.kommune.no)

[postmottak@sveio.kommune.no](mailto:postmottak@sveio.kommune.no)